

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 23.03.2022

Knut Inge Andersen (FP) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er vara i styret verdsarvsrådet for Vestnorsk fjordlandskap. Andersen gjekk frå under vurderinga av om han var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Andersen var habil. Andersen tiltredde møtet.

Stian Davies (A) sette på vegne av A, MDG, Sp, SV og V fram slikt forslag:

"Tillegg, nytt punkt 5

Hovudutvalet ber administrasjonen komme tilbake med ei sak der framtidige tildelingar vert delegert til administrasjonen. Hovudutvalet vedtar retningslinjer, uttaler eller andre endringar. Tildelingsvedtaket vert lagt ved som RS til utvalet.»

Avrøysting

Fylkesdirektøren sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Davies sitt forslag til nytt punkt 5 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune løyver tilskot frå statsbudsjettet 2022 kap. 1429 post 79, tilskot til verdsarven i Nærøyfjorden, og tilbaketrekte tilskotsmidlar frå 2020, til fylgjande prosjekt:

Søknad nr	Objekt/prosjekt	Søkar	Framlegg tilskot 2022	Framlegg tilsegn 2023
1	Sagentunet - Stovehuset	Siv Beate Bakke	1 450 000	1 250 000
2	Steingard - Bakka	Svein Tufte	100 000	
3	Kløvastova - Bakka	Svein Tufte	250 000	
4	Løe på bruk 1 Nedbergo	Lars Nedberge	18 000	
5	Reparasjon av mur - Galden på Hovdungostien i Undredal	Nærøyfjorden verdsarvpark	200 000	
6	Rekonstruksjon av naust i Undredal	Edvin Flåm	107 000	
7	Rekonstruksjon av høyløe på Skalmenes	Mikael og Bjørn Henning Hov	230 000	
8	Rekonstruksjon av naust - Sagentunet - Bakka	Siv Beate Bakke	Avslag	
9	Istandsetting - Paviljongen Gamlo - Gudvangen	Gudvangen Hotell drift as	Avslag	
10 og 11	Parkforvaltar, kulturminne og formidling Kulturvernforvaltar	Nærøyfjorden verdsarvpark	500 000	500 000

2. Kr. 99 875 vert sett av til tilskot til strakstiltak for akutte situasjonar og som tilleggsløyving til tiltak som har blitt dyrare enn venta. Avdelingsdirektør kultur, idrett og inkludering får fullmakt til fordeling av desse midlane. Ei orientering om korleis desse midlane har vorte fordelt, vert lagt fram for hovudutvalet innan utgangen av 2023.

3. Avdelingsdirektøren set nærare vilkår for bruken av tilskota som er fordelt.

4. Om nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadane for tildelinga, får avdelingsdirektøren fullmakt til å fordele om midlane til andre tiltak på same kulturminne, eller til andre av dei tiltaka som har fått tildelt tilskot jf. pkt. 1 ovanfor.
5. Hovudutvalet ber administrasjonen komme tilbake med ei sak der framtidige tildelingar vert delegert til administrasjonen. Hovudutvalet vedtar retningslinjer, uttaler eller andre endringar. Tildelingsvedtaket vert lagt ved som RS til utvalet.